

# Årsmelding 2009

Visjonen vår: Vi vernar verdiar

## Innhaldsliste

Direktøren .....	Side 4
Lotteritilsynet .....	Side 6
Statistikk pengespel .....	Side 10
Speleåtferd .....	Side 14
Spel på internett .....	Side 16
Stiftelsestilsynet .....	Side 18
Statistikk stiftelsar .....	Side 22
Stabs- og støttefunksjonar .....	Side 26
Rekneskap .....	Side 30



Direktør Atle Hamar

# Stabil drift på alle område

Vi hadde i 2009 stabil drift på alle dei tre fagområda til Lotteri- og stiftelsestilsynet – lotteri og pengespel, stiftelsar og momskompensasjon.

Stiftelsestilsynet har på få år etablert god forvaltning av stiftelsar, og står i dag for effektivt tilsyn og kontroll så langt ressursane rekk. Talet på tilsynssaker vokser også i 2009, noko som understrekar legitimitet til det relativt nye tilsynet.

Fleire av tilsynssakene er store og tidskrevjande. I løpet av året vart nokre av dei mest alvorlege sakene som er avdekka overlevert politiet med tanke på etterforsking av straffbare tilhøve. Dette er saker som i tida framover til dels vil setje stiftesesforma i eit kritisk søkjelys, men sakene er sjølv sagt ikkje representative for det store fleirtalet av stiftelsar som driv i tråd med lover og reglar. Vi trur også at mediefokus på ein del av tilsynssakene kan ha ein framtidig førebryggjande effekt med tanke på ei nødvendig styrking av internkontrollen i norske stiftelsar.

I 2009 fekk vi også i drift det nye Stiftelsesregisteret som for første gong samlar informasjon om dette mangfaldige området. I løpet av vinteren 2010 vil registeret bli tilgjengeleg for ålmenta.

Stiftelsestilsynet vart styrka i 2009. Til dels streng prioritering av tilsynssaker er likevel nødvendig, noko som understrekar at dette unge tilsynet har behov for meir ressursar.

Lotteritilsynet kunne i 2009 jobbe innanfor ein sikker rettstilstand. Åtaket mot det norske monopolet vart avslutta ved at Ladbrokes trekte søksmålet mot staten. Norsk Tipping og Norsk Rikstoto opplever samla ein kontrollert vekst i marknaden, medan bingo også det siste året hadde ein stor vekst. Her vart det teke politiske grep då det vart vedteke å fjerne bingoautomatane som ikkje var typegodkjende. I løpet av 2010 vil difor heile det gamle automatregimet vere historie.

Men det tradisjonelt sterke skandinaviske pengespelmonopolet er utfordra på andre måtar. Danmark bestemde seg i 2009 for å mijuke opp sitt monopol frå komande årsskifte. Den svenske regjeringa flagga ei liknande utvikling, om ikkje fullt så omfattande. Men svenskane har utsett heile prosessen til etter neste riksdagsval.

Her i landet står framleis monopolet på sportsspel og totalisatorspel sterkt politisk. Utfordringa framover blir å utvikle pengespel innanfor dei ansvarlege rammene vi har med store og sterke statlege operatørar.

Talet på nordmenn som brukar Internett til å delta i pengespel aukar, og passerte 300.000 i fjor. Men vi ser gledelege utviklingstrekk. Til dømes er det no minst halvparten som seier at dei berre spelar på dei lovlege norske nettstadene. Det rimar bra med målingar som viser at til dømes nett-poker har stagnert.

Tendensen er altså at fleire spelar på nettet, men dei satsar gjennomsnittleg litt mindre enn før. Difor tyder Lotteritilsynets estimat på at brutto omsetning har flata ut dei siste to åra.

Momskompensasjon er blitt Lotteri- og stiftelsestilsynets tredje bein å stå på. Fagfeltet utviklar seg stadig. I 2009 hadde vi framleis berre vel eit årsverk til å forvalte og kontrollere denne ordninga som i fjor omfatta rundt 200 millionar kroner. Frå 2010 er ordninga utvida, noko som vil gjere forvaltninga meir ressurskrevjande. Men Lotteri- og stiftelsestilsynet er klar til nye oppgåver og utfordringar også på dette fagområdet.

Kunnskap er viktig på alle felt av samfunnet. Lotteri- og stiftelsestilsynet prioritærer dette, og bidrog i 2009 til å få gang to forskningsprosjekt som vi trur kjem til å gi oss ny og viktig kunnskap. NOVA skal lage ei stor ungdomsundersøking om ungdom og pengespel, men undersøkinga skal også omfatte dataspel og spel som grensar mot pengespel.

I det andre prosjektet skal Institutt for Samfunnsforskning kartleggje rolla til dei pengeutdelande stiftelsane her i landet.

Førde i februar 2010

Atle Hamar – direktør

**Lotteritilsynet**

# Vekst for første gong på tre år

For første gongen på tre år var det i 2009 auka omsetning i den regulerte penge-spelmarknaden her i landet. Veksten var på ca 1,6 milliard kroner, og det var særleg Norsk Tipping og bingo-bransjen som opplevde vekst i omsetninga.

Veksten i entreprenørbingoen heldt fram i 2009, mellom anna kom det ei rekke nye bingohallar rundt om i landet. Brutto omsetning i bingospelna nådde såleis nesten fem milliardar kroner. Fokus vart stadig meir retta mot bingoautomatane som har stått for ein stor del av veksten. I løpet av året vedtok regjeringa at frå 1. april 2010 skal også desse automatane bort frå marknaden for å bli erstatta av Norsk Tipping sine nye speleterminalar.

Lotteritilsynet fekk i oppdrag av Kulturdepartementet å foreslå endringar i forskrift om bingo. Eit sentralt punkt i dette er å sikre at sidespelet databingo ikkje utviklar seg vidare på ein måte som strir mot ønsket om å styrke hovudspelet på bingo. Lotteritil-synet sende høyringsforslag ut til aktørane i marknaden like før års-skiftet, og høyringsfristen er april 2010.

Talet på lotteriverdige organisasjonar som kan søke om løyve til lotteri og bingo held seg relativt stabilt. Ved utgangen av 2009 var det i underkant av 4900 frivillige lag og organisasjonar som hadde godkjent status i Lotteriregisteret. Det blei utført 34 tilsynssaker mot organisasjonar der ein såg på om bruken av lottermidlar var i samsvar med godkjenninga. 13 av desse ført til tilbakekalling av godkjenning som lotteriverdig organisasjon.

Lotteritilsynet tildelte 240 løyve til tradisjonelle førehands- og etterhandstrekte lotteri i 2009 der omsetninga var over 150 000 kroner. Av dei var 68 landsdekkande lotteri, og dei åleine hadde ein brutto omsetning på 400 millionar kroner. Denne delen av marknaden held seg relativt stabil. Pantelotteriet Panto er det einaste lotteriet med avvik frå dei tradisjonelle lotteria. Det har hatt løyve i to år, og skal tilbakebetale minst 50 prosent av netto overskot til Røde Kors.

Lotteritilsynet fordeler 18 prosent av overskotet i Norsk Tipping, og i 2009 kom det inn 461 søknader. Av desse fekk 426 endeleg tildeling, og det vart betalt ut 55,7 millionar kroner. Det vil seie at ca seks mil-



lionar kroner vart overført til potten i 2010.

Det var ingen urovekkjande trekk når det galdt ulovlege pengespel eller marknadsføring av slike spel i 2009 (sjå også artikkel om statistikk for nettspel). Spel på utanlandske nettstader ser ut til å ha stagnert i 2009. Dessutan vil det planlagde forbodet mot betalingsformidling til utanlandske spelselskap bli sett i verk i 2010. Venteleg vil forbodet redusere nyrekryting til denne typen pengespel.

Lotteritilsynet registrerte ein auke i talet på førespurnader og saker om pyramidespel i 2009. I desember fall det dom i Høgsterett i den såkalla PlexPay-saken der to nordmenn vart dømde til ubetinga fengsel



## Lotteritilsynet

**Team Spel og Marknad i 2009:**  
Frå venstre rådgjevar Frode Borge, rådgjevar Linda Vøllestad Westbye, seniorrådgjevar og teamkoordinator Trude Felde, førstekonsulent Rakel Bruteig og seniorrådgjevar Jonny Engebø.

og inndraging som følgje av ulovleg pyramidespel.

Det vart ved utgangen av 2009 arbeidd med fleire pyramidesaker i Lotteritilsynet. Svært ofte er det eit møy sommeleg arbeid å få fram informasjon om kven som står bak, og å få klarlagt faktum når det gjeld omsetjingssystemet og provisjonsstrukturen til selskapa.

Det britiske speleselskapet Ladbrokes, som utfordra det norske pengespelmonopolet, kasta korta i 2009. Ladbrokes søkte i 2004 om løyve til å drive pengespel, hesteveddeløp og lotteri i Noreg og bringa avslaga inn for Oslo tingrett. Tingretten avsa dom i oktober 2008 etter at det var

innhenta rådgjevande utsegn frå EFTA-domstolen.

Tingretten kom til at norsk pengespel-  
lovgiving ikkje var i strid med EØS-retten.  
Ladbrokes anka saken til Borgarting lag-  
mannsrett, men valde å trekkje anken kort  
tid før hovudforhandling som var tillyst i  
september 2009.

Det er etter automatsaka og Ladbrokes-  
saka ingen tvil om at det norske spele-  
monopolet er i samsvar med EU/EØS-  
retten.

Når det gjeld utviklinga i EU og Europa,  
sjå eigen artikkel.



Team Lotteri og Tilsot i 2009:  
Bak frå venstre seniorrådgjevar Synnøve Pukallus, seniorrådgjevar Anne-Lise Bekjorden, førstekonsulent Trine Levanger, rådgjevar Liv Røthe, og førstekonsulent Målfrid Kibsgaard. Framme frå venstre: Seniorrådgjevar og teamkoordinator Tore Bell, førstekonsulent Knut Mikkelsen, førstekonsulent Min Qiong Lin Andenæs, førstekonsulent Trond Herløsund og førstekonsulent Stig Årdal. Seniorrådgjevar Johnny Gustavsen var ikkje til stades då foto vart teke.

### Lotteritilsynet

## Endringar i Norden og EU

I Europa er det ein trend at fleire land opnar opp for ei lisensordning for visse spel. Samstundes blir det stramma inn på kontroll og utesettenging av dei aktørane som ikkje har lisens.

Lotteritilsynet følgjer nøy med i den rettslege reguleringa av pengespel i dei ulike EU/EØS-landa. Det eksisterer ikkje noko harmonisert regelverk.

Av dei 27 EU-landa er det til dømes 20 land som tillet online-gambling og sju som ikkje tillet det. Av dei 20 landa som tillet online-gambling er det 13 land som har ein liberalisert marknad, 6 land som opererer med statseigde monopol og 1 land som har eit privat monopol.

Sverige vurderer framleis å opne opp for at bettingtenester skal kunne skje i regi av kommersielle aktørar, og det blir no arbeidd med å lage ei ny lotterilov i Sverige.

I Danmark er også ei ny og samla lov-

giving på trappene - også her er det venta ei liberalisering av visse sports- og betting-spel. Finland driv med ei ny organisering av spelemyndighetene og ein samla vurdering av monopolordninga, men det er ikkje teikn til at Finland vil gå i retning av eit lisenssystem for visse spel.

Ser vi på andre EU-land, er det også store skilnader. I Italia har ein til dømes eit lisenssystem med strenge krav på den eine sida og IP-blokking av aktørar som ikkje har lisens på den andre sida. Storbritannia er framleis det mest liberale landet i EU når det gjeld speleregulering, og fekk 16 nye kasino i 2009.



### Lotteritilsynet

**Team Statlege Spel i 2009:**  
 Fra venstre konsulent Bjørg Blystad, underdirektør Jan Petter Sæbø, førstekonsulent Marit Hval, førstekonsulent Eva Andreassen, førstekonsulent Wenche Aaslund, førstekonsulent Tone Sterud og seniorrådgjevar Agnar Aamot.

## Stabil portefølje av pengespel

Verken Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto introduserte nye pengespel i 2009. Stabilitet prega såleis tilsynsarbeidet med dei statlege pengespela.

Lotteritilsynet er inne i ein dialog med Norsk Tipping når det gjeld den framtidige kontrollen som vil få ein revisjonsbasert metodikk. Men det er ikkje aktuelt å gå over til fullstendig ettertidskontroll før i 2011 eller 2012. Men både spelselskapet og tilsynet er samde om måten det skal jobbast vidare med dette.

Det vart ikkje registrert alvorlege avvik i trekningar og resultat i 2009. Ved nokre få høve dukka det opp ulike resultast, men dette fann tilsynet og selskapet ut av saman. Tilsynet fekk heller ikkje til hand-saming klagesaker etter reglementet.

Lotteritilsynet gjennomførte tilsyn på trav- og galoppbanene i 2009. Her vart det

påvist to avvik som Norsk Rikstoto ordna opp i, mellom anna ein totalisatorsjef som mangla kompetanse i jobben sin.

I løpet av året dukka det også opp ei sak der ein tilsett på ei travbane i stor stil hadde spelt på kredit. Norsk Rikstoto tillet ikkje spel på kredit, og sette i verk tiltakt for å hindre at dette skal skje igjen.

Generelt er uansett målet med tilsynsarbeidet ikkje berre å finne feil. Like viktig er det å finne fram til område der kontroll og tryggleik har eit forbettingspotensiale. Der føler vi at at samarbeidet med Norsk Rikstoto og Norsk Tipping var godt i 2009.

# Omsetninga i regulert penge-spelmarknad auka i 2009

Etter tre år med redusert omsetning har omsetninga på regulerte pengespel i Noreg auka noko gjennom 2009. Førebelse tal viser at det i 2009 vart omsett for brutto om lag 21,6 milliardar kroner. I 2008 var omsetninga på 19,0 milliardar<sup>1</sup>.

Auken skuldast hovudsakleg omsetningsauke i spel hos Norsk Tipping, og særleg dei nye multix-spela samt ein auke i omsetninga for entreprenørbingo.

På bakgrunn av estimatet for 2009 vil kvar innbyggjar, utan omsyn til alder, i gjennomsnitt ha satsa 4 500 kroner på pengespel. I 2008 utgjorde dette snittalet 4 000 kroner. Når gevinstane er trekte frå la nordmenn i 2009 igjen 8,3 milliardar kroner på pengespel. Dette utgjer 1 700 kroner per innbyggjar.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvar-talsvise målinger som Respons Analyse AS har utført for oss, kjem det fram at 308 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2009, og at ein god del av dei spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotteriinntektene som gjekk til humanitære og samfunn-

nyttige formål i 2009, er enno ikkje kartlagt.

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er samla innsatsbeløp frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt. Nettoen blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør eller kommisjonær).

Fra og med spel- og lotteriåret 2009 presenterer Lotteritilsynet også nøkkeltal for pengespel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner. Desse spela er regulert etter ny forskrift frå 1. januar 2009 der 20 % av overskotet skal tilfalle lotteriverdige organisasjonar. Omsetningstal frå spel på skip inngår ikkje i tabellen under, men blir omtalt avslutningsvis i denne gjennomgangen.

## Spel- og lotterimarknaden 2009

	Millionar NOK		Millions EURO <sup>2</sup>	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping,				
- eigne spel, ekskl Multix	9 960	4 621	1 141	529
- Multix	1 664	156	191	18
Rikstoto	3 625	1 186	415	136
Talspelet Extra	950	475	109	54
Lotteri (eksklusiv Flax) *	500	400	60	50
Bingo *	4 900	1 500	560	170
<b>Totalt</b>	<b>21 600</b>	<b>8 300</b>	<b>2 470</b>	<b>960</b>
Per innbyggjar <sup>3</sup> (avrunda)				
Per capita	4 500	1 700	500	200

<sup>1</sup> Årsstatistikk for 2008.

<sup>2</sup> Norges Bank, Årsjennomsnitt av midtkursar 2009: 8,7285


<sup>3</sup> SSB, gjennomsnittleg folkemengde i 2009: 4 828 726

\*) Estimert omsetning, i NOK runda av til nærmeste 100 million, og i EURO til nærmeste 10 million.


Fig. 1

## Spel og lotteri – prosentvis del av omsetninga i 2009

Brutto omsetning 21,6 mrd



Netto omsetning 8,3 mrd



Norsk Tipping si brutto omsetning for eigne spel, eksklusiv Multix har auka med 4 prosent i 2009 samanlikna med 2008. Omsetninga blei 9,96 milliardar kroner før vi reknar med omsetninga på Multix [spel på dei nye terminalane]. På Multix vart det spelt for nær 1,7 milliardar. Norsk Rikstoto hadde ei brutto omsetning på litt over 3,6 milliardar kroner, og fekk med dette redusert omsetninga med 2 prosent samanlikna med 2008. Talspelet Extra, som blir operert av Norsk Tipping, har også hatt ein reduksjon i omsetninga på 2 % frå 2008.

Tal for resten av marknaden er førebelse estimat der Lotteritilsynet har sett på eit utval innrapporterte rekneskapsstal og løyve gitt i Lotteriregisteret. I tillegg har vi

hatt kontakt med ein skilde sentrale aktørar i marknaden.

Foreløpige berekningar viser at bingo med og utan entreprenør hadde ei samla omsetning på om lag 4,9 milliardar kroner i 2009. Her inngår omsetning for databingo og bingoautomatar. Også i 2009 reknar vi med ein auke for entreprenørbingo, og at auken har kome mest på elektroniske sidespel. Auken skuldast også at det er kome til nye bingohallar, der det er kome til i overkant av 30 nye gjennom 2009.

Sidan det i 2009 er gitt noko færre løyver til foreningsbingo reknar vi med ein liten reduksjon for bingo utan entreprenør. For andre lotteri reknar vi også med ein mindre reduksjon.

Lotteritilsynet


## Utviklinga

	2008		2009		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto Oms.
Norsk Tipping						
- eigne spel, ekskl. Multix	9 600	4 479	9 960	4 621	4%	3%
- Multix	11	1	1 664	156	ordinær utplassering tok til i 2009	ordinær utplassering tok til i 2009
Rikstoto	3 710	1 214	3 625	1 186		
Talspelet Extra	967	483	950	475	÷ 2%	÷ 2%
Lotteri (eksklusiv Flax) *	506	412	500	400	mindre reduksjon	
Bingo *	4 185	1 289	4 900	1 500	større auke	
<b>Totalt *</b>	<b>18 980</b>	<b>7 879</b>	<b>21 600</b>	<b>8 300</b>	<b>14%</b>	<b>5%</b>

\* Delar av omsetninga er estimert og avrunda til nærmeste hundre million for år 2009.

Fig. 2

## Deltaking i norske lotteri - og pengespel 2009



Lotteritilsynet

## Nordmenn si deltaking i norsk regulert lotteri- og pengespelmarknad

Lotteritilsynet får årleg gjennomført målinger om speleåtferd i befolkninga<sup>4</sup>. Målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

Figur 2 viser andel<sup>5</sup> som har delteke i ulike pengespel det siste året (på undersøkingstidspunktet).

Av Norsk Tipping sine spel er Lotto det spelet som flest har spelt det siste året, og i overkant av halvparten av befolkninga. Færrest har spelt på Oddsen, Keno eller på Multix. I tillegg har om lag kvar femte nordmann spelt talspelet Extra i løpet av det siste året på undersøkingstidspunktet.

Blant Rikstoto sine hestespel er det flest som oppgir at dei har spelt spel som går ein

gong i veka (V75 eller V65). Spel som kan spelast kvar løpsdag (V5, V4 eller Dagens Dobbel) eller enkeltløp (Vinner, Plass, Duo eller Trippel) er det færre som seier dei har spelt på.

Blant private spel og lotteri er det flest som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri.

Diagrammet på neste side<sup>6</sup> syner skilnader for menn og kvinner.

Menn spelar oftare enn kvinner på Joker, Viking Lotto, Tipping, Oddsen, Keno, Multix, spela hos Rikstoto og på pantautomatar. Kvinner spelar oftare på Extra og kjøper oftare Flaxlodd, andre skrapelodd og dei mindre lotteria. Kvinner spelar også litt oftare bingo.


<sup>4</sup> Respons Analyse AS utfører målingane for oss.

<sup>5</sup> Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst for hovedfrekvensane. Feilmarginar for undergrupper er noko større.

<sup>6</sup> Resultat frå både juni- og desembermålinga er slått saman slik at vi har data frå 985 menn og 1017 kvinner.

Fig. 3

### Kvinner og menn si deltaking i pengespel – 2009



### Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter ny forskrift fra 1. januar 2009. Fra den dato skal 20 % av overskotet tilfalle lotteriverdige organisasjoner. I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskriften.

Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord<sup>7</sup> er Black Jack og rulett.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2009 for 250 millionar om bord i desse skipa.

Det meste vart spelt på automatar, men 11 prosent vart satsa ved spelebord.

Desse spela er ikkje med i det som er tidlegare er presentert om den norske spelemarknaden og om nordmenn si deltaking i lotteri- og pengespel.

Lotteritilsynet

### Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

	Brutto omsetning <sup>8</sup>	Netto omsetning
Automatar	223 mill	74 mill
Spelebord	27 mill	20 mill
<b>Total</b>	<b>250 mill</b>	<b>94 mill</b>

<sup>7</sup> Black Jack på alle seks skipa, rulett berre på to.

<sup>8</sup> Brutto omsetning: Omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjetonar som kjøpt.

**Ny design:**

Arbeidet med å gi heimesida til Hjelpeinja ny design starta i 2009. Slik vart resultatet.

Lotteritilsynet

## Stabil trafikk på Hjelpeinja

Talet på samtalar til Hjelpeinja for speleavhengige har vore stabilt gjennom 2009 samanlikna med året før. Der er likevel endringar i korleis samtalane fordeler seg på ulike pengespel. Internettspel er omtalt oftast, men talet på pokersamtalar er redusert.

Største auken i samtalar var det likevel for bingoautomatar som hovudproblemsspel, med ei dobling gjennom 2009.

Lotteritilsynet samarbeidar med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om Hjelpeinja. I 2009 hadde Hjelpeinja 944 seriøse samtalar. 817 av desse handla om spelarar.

Då dei tidlegare gevinstautomatane forsvann frå marknaden sommaren 2007, var dette ei stor regulatorisk endring. Desse automatane vart frå 2009 erstatta med Norsk Tipping sine nye speleterminalar (Multix). Fjerning av dei tidlegare gevinstautomatane, ført straks til ein stor reduksjon i talet på samtalar ved Hjelpeinja. Den nye utplasseringa av Norsk Tipping sine speleterminalar har ikkje til no ført til nemneverdig auke i talet på samtalar.

Dette kan illustrerast ved at det i heile 2006 var 981 førstegongs samtalar berre om gevinstautomatlar som hovudproblemsspel. Første halvår 2007 var det tilsvarannde talet 253 samtalar. Til samanlikning har dei nye terminalspela (Multix) frå Norsk Tipping vore hovudproblem i 5 førstegongs samtalar i 2009.

Blant dei som ringde eller vart omtalt på Hjelpeinja om pengespelproblem i 2009, er

81 pst menn. Snittalderen for menn er nær 35 år. For kvinner er snittalderen nær 45 år.

Poker er det mest omtalte pengespelet på Hjelpeinja også i 2009, men talet på samtalar er redusert med 24 prosent. I 2009 vart det registrert poker som hovudproblemsspel i 164 samtalar. I 2008 og i

2007 var dette talet høvesvis 217 og 196. Også andre spel blir nemnt forholdsvis ofte. I førstegongs-samtalar er bingoautomatar nemnde som hovudproblem i 80 samtalar i 2009. Dette er ei dobling frå året før då talet var 40. Hestespel og nettkasino er to andre spel som også har hatt forholdsvis stor auke i talet på samtaler. Her er talet på samtalar i 2009 høvesvis 61 og 56. Tilsvarande tal i 2008 var 39 og 40. Samtalar om oddsspel er stabilt, og utgjorde 66 samtalar både i 2009 og 2008.

Fleire av problemspela blir spelt på Internett. Både poker, kasinospel, oddsspel og hestespel blir nemnt forholdsvis ofte av dei som spelar hovudproblemsspelet over Internett. Av førstegongs samtalar om

pengespel oppgjer 60 prosent at dei spelar hovudproblemspelet sitt frå PC heime. Ein skilde spelar i tillegg eller i staden frå PC på arbeidsplassen (5 prosent) eller anna stad (4 prosent).

Hjelppelinja mottar også samtalar om spel som ikkje er pengespel. Mange av samtalene handlar om rollespelet World of Warcraft. 153 samtalar handlar utelukkande om spel som ikkje direkte er pengespel. I 2008 var talet 157.

Samtalane om desse spela inngår ikkje i resultata vi har presentert ovanfor, men her nemner vi at dei fleste kjem frå pårørande. I 97 prosent av samtalane er spelaren mann / gut, og snittalderen er 18 år.

## Ny handlingsplan – ny kunnskap

**Den nye Handlingsplanen vart sett i verk i 2009. Dette er ei vidareføreing av den gamle som gjekk fram til 2008.**

Eit sentralt prosjekt i planarbeidet blir å skaffe meir kunnskap om barn og unge sitt tilhøve til spel. Etter ein anbodsrunde fekk NOVA jobben med å lage den nye undersøkinga. Forutan barn og unge sitt tilhøve til pengespel, skal denne undersøkinga for første gong også inkludere dataspel og spel som ligg i grenseland mot pengespel.

I ei tilsvarande undersøking frå 2002 deltok Lotteritilsynet med spørsmål om pengespel blant skuleelevar. No blir det ei sjølvstendig undersøking der vi ventar minimum 8000 svar frå unge mellom 12 og 17 år.

Sjølv om denne undersøkinga er meir omfattande, og mellom anna går lenger ned i årsklassane, skal resultat frå undersøkinga som blir gjennomført i 2010 kunne samanliknast med resultat frå undersøkinga som vart gjennomført i 2002.

Meininga er også å spørje dei unge om igjen to år seinare for å følge utviklinga i speleåtferton. No får vi også høve til å spørje om andre tilhøve i dei unge sin kvar dag som kan bidra til å forklare speleåtferton. Og vi får altså svar på faktisk åtferd både i 2010 og venteleg 2012 for ei stor gruppe norske ungdomar.

Resultatet av undersøkinga vil bli offentlegjord i hausten 2010, og for-

skingsprosjektet har ei kostnadsramme på om lag tre millionar kroner.

I 2009 starta også SINTEF ei oppfolgingsstudie for Lotteritilsynet etter at institusjonen gjennomførde befolkningsstudier både i 2007 og 2008. Alle som då svarte ja til å delta i ei seinare undersøking, er no spurde igjen. På denne måten ventar vi å få gode data på endring i speleåtferton, til dømes blant dei gamle automatspelarane. Blant anna vil vi sjå om dei har gått over til andre pengespel.

Lotteritilsynet fordeler også offentlege løyingar til frivillige støttegrupper som ein del av handlingsplan-arbeidet. Det er viktig for personar som slit med speleåtferton si å ha slike lavterskelttilbod der dei kan søke kontakt. I fjor vart det løyvt 300.00 kroner til støttegrupper.

Løyingar som følgjer med Handlingsplanen opnar også for samarbeid med andre for å auke kunnskapen om pengespelproblem. Difor er det innleia eit samarbeid med Blå Kors med tanke på å skaffe betre oversikt over pengespelproblem blant etniske minoritetsgrupper. I tillegg vil det bli brukt pengar på eit felles toårig prosjekt med AKAN for å skaffe meir kunnskap om pengespelproblem i arbeidslivet.

# Auke for pengespel på norske nettstader

308 000 nordmenn frå 18 år og oppover spelte i 2009 pengespel på Internett. Dette viser målingar som Respons Analyse AS gjorde for Lotteritilsynet i 2009. Talet utgjer 8,3 prosent av den vaksne befolkninga<sup>1</sup>.

Talet på nettspelarar har auka ein del frå 2008 då vi berekna 259 000 nettspelarar. I målingane går det fram at auken har kome på dei norske nettstadene. Dette kan også ha medverka til teikn vi ser på at det i 2009 vart spelt mindre på utanlandske nettstader enn estimat frå tidlegare år.

I målingane spør vi om nordmenn spelar på Internett med PC eller mobiltelefon. Færrest seier at dei spelar med mobiltelefonen, og i 2009 utgjorde desse 0,8 prosent av befolkninga eller 10 pst av nettspelarane.

Nettspelarar nytta både på norske og utanlandske nettstader, men fleire svarer nei at dei spelar på Norsk Tipping og/eller Norsk Rikstoto. I 2009 svarte 54 prosent av dei spurde at dei berre har spelt på dei norske nettstadene, 29 pst spelte berre på utanlandske, og 15 pst at dei spelte både på norske og utanlandske nettstader. Til samanlikning var det året før 40 pst som sa dei berre spelte på norske og 41 pst som berre spelte på utanlandske nettstader.

Rapportar frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto viser at det totalt vart satsa om lag 2 milliardar kroner på deira nettstader i 2009. Dette utgjer ein auke på 370 millionar frå 2008.

Kor mykje som totalt vart satsa på utanlandske nettstader er det med våre data vanskelegare å talfeste. Likevel tyder resultata på at beløpet som nordmenn satsar i denne marknaden er redusert i forhold til tidlegare års estimat. I 2008 meinte vi at målingane meir indikerte stabil enn redusert omsetning samanlikna med 2007.

Utrekningar på grunnlag av målingane til Respons Analyse AS gjennom 2009 underbygger reduserte innsatsbeløp frå nordmenn på utanlandske spelesider.

Fra målingane i 2009 kan vi berekne at det totalt vart satsa<sup>2</sup> nærmere 5 milliardar kroner over Internett. Når vi kjerner til at det på dei norske nettstadene vart satsa 2 milliardar, vil utreka beløp for spel på utanlandske nettstader utgjere om lag 3 milliardar. For utanlandske nettstader er dette om

lag ei halvering av det vi berekna for 2007 då vårt estimat utgjorde i overkant av 6 mrd kroner. Vi er ikkje sikre på om ein så stor reduksjon er reell. Data som tala bygger på har store feilmarginar, mellom anna fordi målingane omfattar små utval av nettspelarar<sup>3</sup>. Feilmarginar er nærmere omtalt i fotnote<sup>4</sup>.

Vi reknar likevel våre data som ein indikator på at spel på utanlandske nettstader er redusert, men kor stor reduksjonen har vore er vi derimot usikre på. Også Norsk Tipping, som er den største norske nettspeletilbydar, reknar for sin del med at det har vore ein reduksjon i innsats frå nordmenn på utanlandske nettstader. Deira estimat utgjer 5 milliardar kroner for 2009.

Nettspelarar er ofte yngre menn, men i 2009 har vi registrert litt fleire kvinner og fleire spelarar i eldre aldersgrupper enn det vi har gjort tidlegare år.

Resultata for 2009 viser at blant menn har 13 pst spelt på nettet og blant kvinner 4 pst. I aldersgruppa 18 til 29 år har 15 pst spelt på Internett. I gruppa 30 til 44 år er andelen 9 pst. I aldersgruppene 45 til 59 år og 60 år eller eldre er prosentane høvesvis 8 og 3.

I 2008 svarte halvparten av nettspelarane at dei hadde spelt talspel som t.d. Lotto i løpet av dei siste tre månadene på undersøkingstidspunktet. Dette har i 2009 vakse til 59 pst. Ein del oppgir også å ha spelt poker, men færre i 2009 enn i 2008 (høvesvis 25 pst mot 39 pst). Vi ser også ein reduksjon for oddsspel på andre hendingar enn sport og hest (frå 27 pst til 14 pst). Elles ser vi at ein forholdsvis mindre del (5 pst) av nettspelarane oppgir å ha spelt på automatliknande spel, skrapelodd (8 pst) eller andre kasinospel (5 pst). Færrest (3 pst) seier dei har spelt bingo.

Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er dei to lovlege norske nettstadene. Ifølgje målingane spelte 64 pst av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 11 pst spelte hos Rikstoto. Blant dei spurde er det to utanlandske nettstader der 10 pst eller fleire

<sup>1</sup> Målingane vert utført kvart kvartal, der 1 000 personar 18 år og eldre vert spurt om dei har spelt pengespel over Internett i løpet av det siste året. Desse målingane er grunnlaget for alle resultat som er vist her.

<sup>2</sup> Dei spurde får spørsmål om kor mykje dei spelte for alt i alt [totalt innsatsbeløp] den siste gongen dei var pålogga og spelte minst eitt spel. Dei som spelte poker siste gongen har svart på kor mykje dei «tok med seg til bordet» dersom dei spelte «cash game», eller kva innsatsen var for å delta i eventuelle turneringar.

<sup>3</sup> Små utval er mellom anna sårbar i høve til om forholdsvis få spelarar som spelar for større beløp blir fanga opp i representativ grad.

<sup>4</sup> Andel nettspelarar er 8,3 pst (N=4005), feilmargin 0,9 pst (+/- 10 % i tal nettspelarar). Snittal for gonger spel i kvar-talet 18,1 gonger (N=327), feilmargin 2,7 gonger (+/- 15 % gonger spel i kvar-talet). Snittal for innsats siste gongen 214 kroner (N=319), feilmargin 30 kroner (+/- 14 % innsats siste gongen). Utrekna beløp for samle innsats er 4,8 mrd.

Fig. 4

### Kva slags spel har ein spelt dei siste tre månadane





Fig. 5

### Betalingsmåte siste gongen ein overførte pengar til ein spelestad

- Debetkort
  - Kredittkort
  - Bankoverføring
  - Elektronisk lommebok
  - Anna
  - Usikker
- (N=334)



opp gir å ha spelt det siste året. Dette gjeld Unibet (13 pst), og Pokerstar (11 pst).

I 2009 har 46 pst av spelarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i kvarstalet. Gjennomsnittet er 18,1 gonger eller nærmare halvannan gong i veka. Når det gjeld innsats seier nærmare halvparten, 46 pst, at dei spelte for 100 kroner eller mindre siste gongen. Gjennomsnittet var 214 kroner.

I målingane spør vi også kva for betalingsmåte nettspelarane nyttar siste gongen dei overførte pengar til ein spelestad på Internett eller mobiltelefon.

I 2009 svarde nær halvparten, 49 pst, at det er debetkort som vart nyttar siste gongen ein overførte pengar til ein spelestad. 20 pst nemnte kredittkort.



Team Tilsyn i 2009:  
Frå venstre seniorrådgjevar Liv Tystad, seniorrådgjevar Per Ole Søllie, seniorrådgjevar Gunn Merete Paulsen, seniorrådgjevar Terje Gjertsen og seniorrådgjevar Tom S. B. Plünnecke som også var teamkoordinator. Rådgjevar Bente Hermansen var ikkje til stades då foto vart teke.

**Stiftelsestilsynet**

## Gjenombrot for tilsynsarbeidet

For Stiftelsestilsynet vart 2009 på mange måtar eit gjennombrot for tilsynsarbeidet. Det er mellom anna eit resultat av at det sidan hausten 2008 er rekrytert nye og godt kvalifiserte medarbeidarar.

Sentral i 2009 stod ein stikkprøvebasert kontroll som Stiftelsestilsynet sette i verk i 180 stiftelsar. Dette var ein banebrytande måte å føre tilsyn på for oss, som medførte at ei rekke nye tilsynssaker vart opna.

Arbeidet med stikkprøvekontrollen pågjekk det meste av året. Når materialet er gjennomarbeidd, skal det etter planen offentleggjera ein rapport i april 2010.

Tilsynsarbeidet var generelt prega av einskildsaker som har ei ressurskrevjande oppfølging ved at det er snakk om store, tunge saker. Problematikken i desse sakene spenner over alt frå nedsetting av styrehonorar, erstatningsansvar for tillitsmenn og/eller dagleg leiar, underslag og økonomisk utruskap, til saker der store verdiar er forsøkt unndrege. Tilsynet har også avdekkja store transaksjonar som kan vere ulovlege.

Dei store tilsynssakene krev mykje fagleg av medarbeidarane. Stiftelsestilsynet nådde 16 årsverk i 2009, men er likevel ikkje fleire enn at det heile tida må gjerast

strenge prioriteringar. Talet på revisorbrev vart meir enn fordobla dette året til over 300, men det er likevel snakk om ei underrapportering.

Vi reknar med at arbeidsmengda i Stiftelsestilsynet er fire gonger så stor som då tilsynsansvaret for stiftelsane låg hos fylkesmennene. I 2009 auka talet på opne tilsynssaker frå vel 400 til ca 600. Arbeidsmengda er så stor at det er nok saker til totre team til – i tillegg til Team Tilsyn og Team Forvaltning som vi har i dag.

Resultatet er at Stiftelsestilsynet i 2009 måtte leggje vekk saker som kunne gitt krav om tilbakeføring av større summar.

Likevel er Stiftelsestilsynet i ferd med å oppfylle dei krav som blir sett til eit ekspertorgan. Det har vore ein lang veg å byggje dette opp etter starten i 2005, men 2009 førte oss eit langt steg i rett retning.

Men dei to teama vi har, fungerer godt. Opp i den travle kvardagen blir det også prioritert å byggje opp fagkunnskapen som har utvikla seg positivt i 2009.



Stiftelsestilsynet

**Stiftseskonferansen 2009:**  
Avdelingsdirektør Finn Sørhus  
og seniorrådgjevar Tom S. B.  
Plünnecke i samtale med avde-  
lingsdirektør Håvard Bekkelund  
i Justisdepartementet.



## Rekorddeltaking på Stiftseskonferansen

I mai 2009 vart Stiftseskonferansen arrangert i Førde for tredje gong. Det var rekorddeltaking, og for første gong kunne vi tilby delte sesjonar.

Over 160 påmelde er rekord så langt. Medrekna førelesarane og Stiftelsestil-  
synets folk, kom talet på deltakarar opp i  
190.

Denne gongen tok vi som arrangør større omsyn til at stiftelsar er ei saman-  
sett gruppe av store og små stiftelsar, som  
har ulikt behov for fagleg påfyll på ein slik  
konferanse. Difor var det for første gong til-  
bod om tre parallelle sesjonar delar av den  
første dagen.

Den eine sesjonen var skreddarsydd for  
mindre alminnelege stiftelsar, den andre  
var tilpassa næringsdrivande stiftelsar og  
den tredje for kapitalforvaltande stiftelsar.

Tilbakemeldingane frå deltakarane var  
gjennomgåande så gode, at vi kjenner oss  
sikre på at programmet var variert nok til  
at dei fleste fekk utbyte av å delta. I år  
hadde også justisminister Knut Storberget  
sagt ja til å delta, men han måtte melde for-  
fall fordi han måtte prioritere andre  
arbeidsoppgåver.

Stiftseskonferansane har vist seg som  
ein god arena for gjensidig utveksling av  
informasjon og synspunkt. Tilsynet la eks-  
tra stor vekt på service i år, ved at våre  
juristar var tilgjengelege for alle deltakarane  
utanfor konferancesalen. Pågangen var tid-  
vis stor.

Også på den tredje konferansen stilte  
fleire tunge førelesarar på tema som til  
dømes filantropien i Norge, styreansvar og  
gransking i stiftelsar, revisorane si rolle når  
det gjeld ansvar og inhabilitet – for å  
nemne noko. Som foredragshaldarar stilte  
mellom andre forskaren Håkon Lorentzen,  
högsteretsadvokat Else Bugge Fougnar,  
statsautorisert revisor Halvor Grov og dr.  
juris Kristin Normann.

Stiftelsestilsynet gjennomførte i november også ein regional konferanse, der større  
stiftelsar i Trøndelag vart inviterte for å bli  
orientert og utveksle synspunkt. Tiltaket  
vart så vellykka at det i tida framover vil bli  
gjennomført fleire tilsvarende konferansar  
mellan tilsynet og stiftelsar i andre delar  
av landet.

**Stiftseskonferansen 2009:**  
Tilsette i Stiftelsestilsynet stod  
klar til å rettleie deltakarane på  
konferansen.

# Stabilisering av forvaltingssakene

Forvaltingssakene stabiliserte seg i 2009 etter nokre svært travle år.

Mellan anna stod teamet sentralt i oppbygginga av det nye Stiftsesregisteret (sjå eiga sak).

Team Forvalting har ansvaret for å handsame alle ordinære forvaltingssaker ved Stiftelsestilsynet, i tillegg til drift og utvikling av Stiftsesregisteret.

Blant oppgåvene i Team Forvalting kan nemnast nyregistrering, kapitalendring, vedtektsendring, oppheving, samanslåing og deling. I tillegg handsamar teamet søknader om omdanning av anna enn stiftelsar (stiftseslova § 55), omdanning av beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3 og bandlagd pliktelsar etter arvelova § 32. Visse former for omorganisering av samvirkeføretak etter samvirkelova ligg også til teamet.

I tillegg har Team Forvalting ansvaret for klagehandsaminga for desse sakene. Justisdepartementet er klageinstans for alle desse sakstypane.

Innlegging av ca 7 600 vedtekter i Stiftsesregisteret var ei av dei store oppgåvene for teamet i 2009.

Teamet registrerte i 2009 ein nedgang i talet på innkomne saker, tilsvarende ei halvering frå året før. Størst reduksjon er talet

på opphevingar – noko mindre for vedtektsendringar. Talet på nyregistreringar ligg jamt på 2008-nivå. Nedgangen i innkomne saker er forventa, då vi reknar sakene knytt til opprydding og oppdatering til ny stiftelseslov som i hovudsak sluttført. Vi trur 2009 representerer eit første normalår i høve til sakstilfanget framover.

Stiftelsestilsynet kan ikkje seie seg nøgd med sakshandsamingstida i 2009. Det er difor sett i verk ekstraordinære tiltak som skal få restansane for gamle og nyare forvaltingssaker ned til eit minimum innan 15. april 2010. Etter den tid skal forhåpentlegvis stiftelsane få oppleve at tilsynet er tilnærma à jour med sakshandsaminga på forvaltningsområdet. Med stabil bemanning i 2010, vil kort sakshandsamingstid vere eit mål vi reknar med å oppfylle for alle kurante saker.

## Stiftsesregisteret tilgjengeleg for publikum

For Stiftelsestilsynet vart 2009 på mange måtar eit gjennombrot for tilsynsarbeidet. Det er mellom anna eit resultat av at det sidan hausten 2008 er rekruitert nye og kvalifiserte medarbeidarar.

Hausten 2009 vart det nye Stiftsesregisteret teke i bruk, og 1.februar 2010 vart det nye registeret tilgjengeleg for ålmenta på heimesida til Stiftelsestilsynet.

Her kan alle som ønskjer det hente ut nøkkelinformasjon om alle stiftelsane, dvs. alle registrerte roller som styre og revisor, og evt. daglig leiar, forretningsførar, kon-

taktperson. I tillegg er vedtekene tilgjengelege. Etter kvart skal tilbodet av informasjon byggjast ut i registeret.

Ved utgangen av 2009 var det registrert 8237 stiftelsar her i landet, av dei 933 næringsdrivande stiftelsar. Nesten kvar fjerde norske stiftelser er lokalisert i Oslo. Hordaland med Bergen er også stor i stiftsesmarknaden med sine 1100 stiftelsar. Statistikken stadfester at det finst stiftelsar over heile landet, men med ei klar overvekt i dei største byane.

Ganske mykje av stiftsesverdiane er

**Stiftelsetilsynet**

**Team Forvaltning i 2009:**  
Frå venstre seniorrådgjevar Øystein Fosstvedt som var teamkoordinator, første-konsulent Morten Grindheim, konsulent Britt Gundersen, førstekonsulent Kjetil Thune, førstekonsulent Helge Mikal Hope Byrkjeland, første-konsulent Martin Storetvedt og førstekonsulent Isabell Stødle Ramsussen. Rådgjevar Marit Kolstad var ikkje til stades då foto vart teke.




også samla i hovudstaden. Eigenkapitalen i Oslo-baserte stiftelsar utgjorde i 2008 nærmere 28 milliardar kroner, av samla eigenkapital på ca 55 milliarder kroner. Til samanlikning hadde stiftelsar i Hordaland ca seks milliardar kroner i eigenkapital, Akershus nesten 4,5 milliardar og Sør-Trøndelag nesten 3,5 milliardar kroner.

Ny statistikk viser også at norske stiftelsar er store når det gjeld sysselsetjing. Tala er ikkje eksakte, men det jobbar nesten 33 000 personar i til saman 1700 stiftelsar. I nokre stiftelsar er det mange tilsette – flest er tilsette i Kirkens Bymisjon

Oslo med 1440 tilsette. Stiftelsen SINTEF i Trondheim er også stor med 1200 tilsette, framfor Stiftelsen Signo med vel 900.

På sidene 24–27 tek vi med eit utval av den statistikken som i dag er tilgjengeleg om norske stiftelsar.


### Talet på stiftelsar 2009



### Talet på stiftelsar pr. 31.12.2009

Antall pr 01.01.2009	8530
Tilgang 2009	176
Avgang 2009	469
<b>Antall pr 31.12.2009</b>	<b>8237</b>
Alminnelig stiftelse	7304
Næringsdrivende stiftelse - registrert i Føretaksregisteret	933

### Fylkesvis fordeling av eigenkapital i millionar 2008




### Eigenkapital og balanse\*

	2006	2007	2008
Sum eigenkapital	46,9	54,5	55,8
SUM balanse		85,4	86,2

\* Tal i milliardar


### Talet på stiftelsar med tilsette



### 10 største næringsdrivande stiftelsar

Stiftelsens namn	Eigenkapital i millionar kroner
Sparebankstiftelsen DNB NOR .....	5 752
Stiftelsen SINTEF .....	1 231
Stiftelsen Det Norske Veritas .....	1 056
Stiftelsen Brunstad Konferansesenter .....	1 008
Stiftelsen UNI .....	825
Stiftelsen Norges Varemesse .....	742
Stiftelsen Handelshøyskolen BI .....	513
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo .....	425
O. Kavli og Knut Kavlis Almennyttige fond .....	231
Institutt for Energiteknikk .....	213

### Talet på tilsette i stiftelsar



### 10 største alminnelege stiftelsar

Stiftelsens namn	Eigenkapital i millionar kroner
Gjensidigestiftelsen	4 186
Institusjonen Fritt Ord	2 258
Kristiansand Kommunes Energiverksstiftelse	1 638
Grieg Foundation	1 511
Stiftelsen Sørlandets Kompetansefond	633
Sigval Bergesen d.y. og Hustru Naki's almennytige	574
Det Norske Diakonhjem	493
Nordenfjelske Bykredits stiftelse	371
Areopagos stiftelse	338
C Ludens Ringnes Stiftelse	299



Team Fellestenester i 2009:  
Framme fra venstre konsulent  
Patipanporn Stafsnæs, første-  
konsulent Ann-Kristin Gaare og  
arkivleiar Toril Anita Espe.  
Bak frå venstre: Konsulent  
Janne Kleiven, konsulent Ulf  
Stockhaus og konsulent  
Sigrunn Hauge. Følgjande var  
ikkje til stades då foto vart teke:  
Førstekonsulent og teamkoordi-  
nator Ingunn Vegsund Strømsli,  
førstekonsulent Vemund  
Gjesholm og lærling  
Stian Nessestrand.

## Kraftig auke i saksmengda

Saksmengda i arkivet aukar kraftig. I 2009 nådde vi opp i ca 38 000 journal-  
föringar i vårt arkiv. Og framleis er ikkje toppen nådd.

Etter at Stiftelsestilsynet vart etablert i 2005, auka saksmengda vesentleg i arkivet i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Dette året var det ca 13 000 journalföringar i arkivet. Seinare er også arbeidet med momsrefu-  
sjon kome til, slik at vi i 2010 venteleg vil passere 40 000 journalföringar med god margin.

Takkå vere gode teknologiske løysingar og eit dyktig personale har vi klart å ta unna

veksten i arkivleddet godt. Men vi står overfor utfordringar. Mellom anna vil vi i tida framover prøve å redusere den store mengda med vedlegg som vi ber om. I staden vil vi heller nytte oss av informasjon som ligg andre stader i statleg samanheng.

Innkrevjing av gebyr og avgifter for Lotteri- og stiftelsestilsynet skjer no i eigen regi. Tidlegare kjøpte vi tenester på dette området, men det viste seg å vere både



dyrt og vanskeleg i høve til økonomiregelverket.

Å krevje inn gebyra er ein stor jobb, men er løyst kostnadseffektivt og er innarbeidd utan fleire tilsette. Vi sende ut nærmare 10 000 fakturaer i 2009, og størstedelen gjeld årsavgift for landets stiftelsar. Andre gebyr gjeld bingo og andre lotteri.

Refusjon av moms til den frivillige sektoren veks også som arbeidsområde. Dette har vore eit nybrottasarbeid som Lotteri- og stiftelsestilsynet i samarbeid med Kulturdepartementet har lagt til rettes for.

I fjor mottok vi 541 søknader. Av desse fekk 500, som utgjer 92 prosent, tildelt kompensasjon på til saman 195,5 millionar kroner. Talt på tildelingar var til saman-

likning 433 året før. Det var ingen klagesaker etter tildelingane i 2009.

Momsrefusjonen vil krevje meir ressursar i framtida, i takt med at ordninga blir bygd ut til å omfatte moms på varer. Alt i 2010 skal ytterlegare 200 millionar kroner fordela, og dette skal aukast vidare i åra framover. Dette vil rimelegvis krevje meir enn det eine årsverket som har vore øyremerk til momsrefusjon hittil. Tilsynet reknar med at behovet ligg ein stad mellom to og fem nye årsverk i framtida.

## Stabs- og støttefunksjoner

### Team Økonomi i 2009:

Framme fra venstre: Konsulent Van Dang og førstekonsulent Berit Ullebo Nedberge. Bak fra venstre: Seniorkonsulent og teamkoordinator Ingunn Kvåle og seniorkonsulent Else Nes. Seniørrådgjevar Stig Starheim og rådgjevar Bjarne Hellum er også knytt til teamet, men var ikke til stades då foto vart teke.



Team Teknologi i 2009:  
Framme frå venstre: Seniorrådgjevar Arne Hammer, konsulent Sindre Hauglum, seniorrådgjevar Rolf Woll.  
Bak frå venstre: Lærling Hans Gunnar Ustad, lærling Mads Henden og seniorrådgjevar Anders Soleim. Rådgjevar og teamkoordinator Kåre Eide var ikkje til stades då foto vart teke.

#### Stabs- og støttefunksjonar

## Tek styring over eiga it-utvikling

Teknologi hadde i 2009 fokus på omlegging til vår nye strategi med å auke faktisk eigedomsrett til våre tekniske støttesystem. Resultatet er aukande eigeninnsats og styring av våre eksisterande og nye it-baserte støttesystem.

Strategivedtaket skal gjennomførast under føresetnad av at det vil gi kostnadsmessig positiv effekt ved systemutvikling, forutan at det også gir langsigkt rasjonaliseringsvinst generelt. Ein av dei største oppgåvene har vore gjennomføring av ei komplett innhus-utvikling. Det vil seie gjennomført utan innleige av konsulentar for utvikling av kontrollsysteem for Norsk Tipping sine nye speleterminalar.

Prosjektet har vist store kostnadsmessige fordelar, og har hatt svært stor

kompetansemessig betydning gjennom vårt arbeid med både system- og metodeval forutan rolleavklaring opp mot tilsynsmetode.

Lotteri- og stiftelsestilsynet kjøper framleis assistanse frå marknaden til systemutvikling og drift. Leverandørar av slike tenester skal berre levere såkalla massetenester i form av programmering av løysingar som er utforma av eit samla utviklingsteam i tilsynet slik at eigedomsretten til grunntenkinga blir innan tilsynet

## Stabs- og støttefunksjonar

også etter eksterne kjøp. Ambisjonen er at vi skal fase inn også den kjøpte driftsstøtten dersom dette er økonomisk rett når utviklinga opnar for dette i avdeling Teknologi.

Resultatet er at vi i 2009 langt på veg har oppnådd målsettingane med innfasing av tiltak og nye arbeidsmetodar som har resultert i store effektiviserings -gevinstar i form av direkte kostnadsreduksjon. Vi oppnår også kvalitetsforbetring ved at vi har etablert tett kopling opp mot våre eigne risikovurderinger for den enkelte teneste slik at satsingsområda er tufta på behov for å redusere risikoeksponering.

Teknologi har dessutan vore oppteken av virtualisering av serverparken i 2009, som er eit tiltak for å oppnå betre effektivitet i servermateriell samstundes som det har ein betydeleg miljøgevinst. Nemnast kan også at vi har gjort vedtak om innføring av SharePoint som ny teknisk plattform for informasjonsdeling i Lotteri- og stiftelses-tilsynet.

2009 var også prega av stor planaktivitet

for tekniske løysingar i samband med flytting til nytt kontorbygg i 2010. Framdrifta er i samsvar med planane, og vil resultere i eit svært moderne teknisk bygg der vi i Lotteri- og stiftelsestilsynet har hatt stor fokus på hovudtrekka i grøn IT.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i året 2009 gjennomført oppdatering av multi-maskinpark som er heilt i tråd med krav og tilrådingar opp mot grøn IT - det vil seie miljømedvitne kjøp av maskinar og redusert bruk av papir.

Det er alltid ei utfordring å rekruttere og behalde høgt kvalifisert personale. Vi ser at fokus på etablering av strategiar som legg stort trykk på krav om utvikling av avanserte løysingar som krev både kompetansebygging og leveransepresisjon, bygger både stabilitet og trivsel i eit så lite miljø.

## Starta arbeidet med nye nettsider

Samfunnskontakt starta i 2009 arbeidet med å fornye Lotteri- og stiftelsestilsynet sine nettsider. Dei skal etter planen vere i drift i løpet av 2010.

Nettsidene blir stadig viktigare i kommunikasjonen med begge fagtilsyna sine mange grupper av kundar. I tillegg er momsrefusjon blitt eit tredje område der det behov for å kommunisere med eit større tal brukarar som ofte er på jakt etter informasjon frå tilsynet.

Difor vart det i 2009 vedteke at den neste generasjon nettsider i Lotteri- og stiftelsestilsynet skal lagast, med sikte på at dei er i drift innan neste årsskifte.

Trafikken på heimesida vår auka vesentleg i 2009 då vi registrerte gjennomsnittleg 7900 besök i månaden – av desse 6000 unike brukarar. Dette er tal som understrekar at det er rett å bruke ressursar på ei nettsatsing no.

Samfunnskontakt registrerte ein

viss nedgang i mediepågangen om pengespel i 2009. Dette skuldast først og fremst at regulerte norske pengespel fekk vesentleg redusert brutto omsetning då gevinstautomatane forsvann. Det store medietrykket mot spørsmål knytt til speleåtferd er av den grunn kraftig redusert.

Til giengjeld er pågangen frå media veksande når det gjeld spørsmål om stiftelsars både som organisasjonsform og einskildstiftelsar. Generelt er stiftelsessakene i media ofte saker som ikkje så mange andre medier kastar seg over slik tilfellet ofte var for nyheter på pengespelområdet.

Resultatet er at treff på søkjemotorar av Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2009 var nede i ca 1300 som ligg vesentleg under året før. Det betyr likevel ikkje at våre to fagtilsyn er lite synleg i det offentlege rom.

## Rekneskapen 2008

### Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet

Driftsutgifter:  
Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet

**Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter**

Løyning	kr 66 048 000
Rekneskap	kr 65 439 000
<b>Mindreutgift</b>	<b>kr 609 000</b>

**Kap. 0305, Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Løyning	kr 5 286 000
Rekneskap	kr 5 144 000
<b>Mindreutgift</b>	<b>kr 142 000</b>

### Utgifter meirverdiavgiftskompensasjon

**Kap. 315, Post 70 Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjoner**

Løyning	kr 195 529 000
Rekneskap	kr 189 019 000
<b>Mindreutgift</b>	<b>kr 6 510 000</b>

### Inntekter fra spel, lotteri og stiftelsar

**Kap. 3305, Post 02 Gebyr**

Løyning	kr 4 485 000
Rekneskap	kr 7 802 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 3 317 000</b>

**Kap. 3305, Post 03 Refusjon**

Løyning	kr 45 681 000
Rekneskap	kr 45 418 000
<b>Mindreinntekt</b>	<b>kr 263 000</b>

**Kap. 3305, Post 04 Gebyr stiftelsar**

Løyning	kr 163 000
Rekneskap	kr 166 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 3 000</b>

**Kap. 3305, Post 07 Inntekter ved oppdrag**

Løyning	kr 5 286 000
Rekneskap	kr 5 286 000
<b>Meir-/mindreinntekt</b>	<b>kr 0</b>


**Kap. 5568, Post 71 Årsavgift stiftelsar**


Løyning	kr 14 840 000
Rekneskap	kr 14 867 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 27 000</b>

**Tilsette:**

Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde 58 fast tilsette ved utgangen av 2009. I tillegg hadde vi 6 engasjement og 3 lærlingar. 59 pst av dei tilsette ved årsskiftet var kvinner.

## Organisasjonskart Lotteri- og stiftelsestilsynet





## **Lotteri- og stiftelsestilsynet**

Postboks 800 • 6805 Førde  
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80  
[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)

GRAFISK FORMGJEVING / Inform Media, Førde